

VEDTEKTENE TIL FERDE AS

1. Namnet på selskapet er FERDE AS
2. Forretningskommunen til selskapet er BERGEN
3. Formålet til selskapet er å førestå bompengefinansiering av utbyggingsprosjekt i fylka Vestland, Rogaland og Agder. Selskapet har oppgåver i høve til vedtekne innkrevingsprosjekt. Det skal ikkje nyttast som ein pådriverorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.
4. Aksjekapitalen er kr 600 000,00
5. Pålydande til aksjane er kr 1000,00
6. Selskapet skal administrera innkrevinga av bompengar i samsvar med samtykke frå Stortinget og avtalar med Statens vegvesen, jf. Veglova § 27, herunder også forvalta bompengemidlar. Selskapet si verksemd skal til ei kvar tid drivast i samsvar med inngåtte avtalar med Statens vegvesen. Sentrale arbeidsoppgåver vil vera innkreving og administrasjon av bompengemidlar, låneopptak og reforhandling av låneavtalar. Selskapet kan berre engasjere seg i verksemd som er nemnd i § 3 og som har direkte samanheng med innkreving av bompengar eller handsaming av selskapet si gjeld. Selskapet kan ikkje engasjera seg i eller pådra seg utgifter knytt til byggherrefunksjonen.
7. Aksjane kan ikkje omsetjast
8. Selskapet skal ha eit styre på 6 medlemer med 3 varamedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst 3 styremedlemer og 1 varamedlem. Styremedlem vert vald slik at funksjonstida til styremedlemen er 2 år, men slik at medlemer er på val kvart år. Varamedlem vert vald slik at funksjonstida til varamedlemen er 2 år. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret. Fylkesordførarane utgjer generalforsamling og kvart av eigarfylka oppnemner sin representant til ein valgkomite for selskapet.
9. Selskapet sitt firma vert teikna av styreleiaren og eitt styremedlem i fellesskap. Styret kan gje prokura
10. På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål handsamast og avgjerast: 1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2. Val av styre. 3. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.
11. Eigarane og eigarane sine revisorar har rett til å føre kontroll med eigarinteressene i selskapet.

23.04.2020

12. Ved oppløysing av selskapet, skal innbetalt aksjekapital betalast tilbake til aksjonærane. Innbetalt aksjekapital kan justerast opp med 80 % av endringa i konsumprisindeksen rekna frå tidspunkt for innbetaling av aksjekapitalen og til og med månaden før selskapet sitt vedtak om oppløysing vert gjort, likevel slik at tilbakebetalingskravet ikkje kan regulerast lågare enn den innbetalte aksjekapitalen på stiftingstidspunktet. Resterande formue ved oppløysing av selskapet skal brukast til formål som er i samsvar med selskapet sitt ikkje-ervertsmessige formål.

13. For alle tilhøve som ikkje er særskilt regulerte i desse vedtektene, gjeld aksjelova.